

# Regelverk Trio Cup miniputt      Hugs FAIR PLAY!

Utover understående vert NFF sitt regelverk for 5arfotball (inne) nytta. Nokre presiseringar:

## 1.      **Registrering av lag**

Lagliste leverast sekretariatet før første kamp.

Betaling av deltakaravgift gjerast til konto på førehand eller til sekretariat før første kamp.

## 2.      **Kampreglement**

Lag som ikkje møter til oppsett kampstart taper kampen 3-0.

Kamplengde er 13 minutt. Kampane spelast på tvers i Husneshallen.

Det er to banar og startsignal for kampane styrast frå sekretariat. Etter at sirena går, er det dommaren på kvar bane som startar kampen.

Kamp er slutt når sluttsignalet går.

### 2.1      **Lag**

Kvart lag har 3 utespelarar på banen + målvakt. Max 8 på laget totalt.

Innbytte skjer ved innbyttarbenk.

Alle spelarar må nytte leggskin.

### 2.2      **Kampreglar**

Alle frispark er direkte.

Ball over sidelinja: Innspark erstattar innkast, kan ikkje score direkte frå innspark.

Ved innspark skal ballen ligge i ro på linja.

Motstandar vera minst 2 meter unna på innspark, frispark og hjørnespark.

Ball over dømlinja: Corner eller målkast.

Ball i taket: Innspark i linje med treffpunktet.

Pressfri sone praktiserast. Når keeper skal setje i gong spelet, trekkjer motstandarlaget tilbake til eigen banehalvdel.

Tilbakespelsregelen praktiserast ikkje på cupen, keeper kan ta opp ballen.

Om eitt lag leiar med 4 mål eller meir, får det andre laget setje inn ein ekstra spelar.

### 2.3      **Særskildt om målvakt/målkast**

Målvakt *kan* forlate målfeltet.

Målsparke erstattast av målkast. Målvakt må stå i målfeltet når han kastar ut.

Når ballen er i spel, kan keeper kaste så langt han vil.

Ved målkast kan ballen ikkje kastast over midtstrek utan å berøre golvet eller ein spelar.

Målkast over midtstrek gjev frispark til motstandar på midtstreken.

### 2.4      **Straff**

Ved dårleg oppførsel kan dommar be lagleiar byte ut aktuell spelar.

## 3.      **Protest**

Ikkje aktuelt på denne cupen.